Førsteblad

1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 28. Fylke: Møre og Romsdal

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Øksendal

Emne: Mjølk (Drikke til maten) Bygdelag: Øksendal

Oppskr. av: A. O. Skrondal Gard: Skrondal

(adresse): Øksendal G.nr. 9. Br.nr. 3.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eiga røynsle og etter forteljing av bestemor (1833-1917)

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Før ca 60 år sidan bruka borna søt mjølk til maten (brødskivor og graut). Same tid bruka dei vaksne tjukk surmjølk til grauten og opp varma surmjølk (ost og mysa) attåt kveldgrauten, altså 2 g. graut for dagen. No vert det oftast bruka 1 glas søt mjølk til brødskiver (attåt kaffe) og av og til 1 glas mjølk til middagsmaten. Elles kan det verta bruka kjernemjølk attåt graut – og til suppe. Ein annan rett som før var mykje bruka var skjør- og brød (surmjølk og flatbrød smådrote og hop blanda) Denne siste matretten var mest bruka om sommaren i varmt ver, og med spekeflesk eller spekekjøt og flatbrød attåt. Mjølkesuppe var og mykje bruka før. Ho vart tillaga med jevning av byggmjøl.

Ein lyt vel helst seia, at bruken av mjølk har minka, serleg etter at det vart vanleg å senda mjølka til meieriet. Men borna trur eg brukar meir mjølk no enn før.

2. Ja, dei drakk myse – kjernemjølk (saup)

3. Dei laga saup. mysa. surmjølk. Vanleg hadde dei syrstampen ståande ved

12011

## 2. Mjölk

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

bordenden i daglegstova. Opp i denne stampen tömde dei flöyttemjölka (skummamjölka). Her i denne stampen danast det syre- (myse) og denne vart bruka til å blanda i vatn til leskedrykk - og til suppe.

Slikt er det slutt med for lenge sidan.

## Øl.

4. Øl som kvardagsdrikk kjenner ein ikkje til. det var berre tillaga til jul- bryllaup- barnsöl og gravöl, Av og til vart det brygga åt slåttonna. Det vart vanleg laga godöl og lettöl. Godölet var det som kom först - og lettölet var no for det meste einlög og humle.

## Kaffe

5. Kaffi kom i bruk fore ein tid, kanhende i midten av 1800 talet. Til å byrja med vart kaffien berre bruka til högtids

6. Fyrst eg minnest i 90 åra var det kvardagsdrikk

7. 3 gonger.

8. På ymse måtar. Men jamnast vert gravmalen kaffe hävt opp i kokande vatn. Men eg veit det av og til vert laga trekk-kaffe. Klarskinn var ålment bruka för, men no meir gått ut. Klarskinnet vart rive av sien og klint på ei fjöl til turk. För bruken klipt opp i firkanta ruter ca. 2 cm. i firkant, og slept ned på kaffekjelen

12011

9. Sukker vert bruka til kaffien - kjøpt ferdigt i tablettar

10. Fløyte vart alltid bruka før; men no i den siname tid er det fleir og fleir som drikk kaffien utan fløyte

## Te.

11. Te har vore bruka sålenge attende eg kan minnast. av og til til kvardags. Det vart av og til laga te av krype og av einebær.

## Brennevin.

12. Såveidt eg veit har det aldrig vore bruka brennevin til kvardags. Det vart bode fram til sjeldne gjester, og i høgtider - som t. d. jul - påske. pinse - ved brudlaup barnedåp gravøl. Når det var dugnad vart det sumtid bode fram øl og dram.

## Nyare drykk.

13. Kjøpeøl er no bruka til høgtids og ved künstyd samkomer - (landsøl - vørterøl) til kvardags ikkje.
I den siname tid har det vorte brygga mykje øl av ekstraktar som er å få kjøpt. Dimme fenst det såme som set til mykje sukker og gjer fer å få rusande saker - denne drikken kan vel best nemnast med sats.